

*Innleiing av regionsenterkonferansen 19. oktober 2010 ved leiar i Sogn regionråd  
Torodd Urnes*

Velkomen til regionsenterkonferansen, og til regionsenteret Sogndal!

Tema for konferansen er regional utvikling med fokus på samspelet mellom eit regionsenter og kommunane omkring.

Sogn regionråd er ein arena for regional utvikling. Rådet skal arbeida for å utvikla ein attraktiv region å bu og arbeida i. Dette er avgjerande for å oppretthalde folketal, og aktivitet i bygdene. Her har me mange felles utfordringane. Me håpar at konferansen skal gje oss oppdrag og innspel i det vidare arbeidet med å utvikla regionen. Fokus i dag er å utvikla og styrka regionsenteret.

Me er alle sogningar! - eit godt utgangspunkt – Bygdene ligg spreidde langs fjordar og dalbotnar med mange lokale sentra. Fjorden er ein barriere, men også eit godt grunnlag for samarbeid.

Eit overordna mål for konferansen er å utvikla regionsenter og omlandskommunane til felles gagn og nytte – noko me alle tenar på.

Som opptakt til konferansen, og for å gje dei politiske perspektiva eit løft, har fire frå Høgskulen i Sogn og Fjordane skrive om ulike sider ved regional utvikling i Indre Sogn. Kronikkserien vart publisert i Sogn avis i oktober, og håpar de har hatt høve til å lesa desse. Temaene har vore strategiar for å skapa vekst, korleis reiselivet kan bidra til å utvikla regionen, kva muligheter ligg i den nye matklynga og korleis kan den styrkast, og sist; korleis kan betre kommunikasjonar styrka indre Sogn som region. Tusen takk til kronikkforfattarane for spanande vinklingar, og dei som hadde høve til å vera med oss, er her i dag.

Kommunane i Sogn regionråd er ein felles arbeids-, bu - og serviceregion. Eit sentralt spørsmål er: Kvifor er Sogndal, som senter i ein slik region, viktig for alle kommunane i Sogn?

Sogndal er geografisk midtpunkt i indre Sogn. Samla bur det over 22 000 menneske i kommunane Balestrand, Leikanger, Sogndal, Luster, Lærdal, Aurland og Vik. Sogndal er vertskommune for ein del regionale tilbod innafor utdanning, handel, kultur og service. Behov for tilbod og tenester vil vere avhengig av utviklinga i desse kommunane.

Å oppretthalde folketalet er ei av dei viktigaste utfordringane i regionen. Den sterke sentraliseringa utfordrar oss. Sogndal har over tid hatt vekst i folketalet, men ikkje nok til å dekke opp nedgangen i nabokommunane

Mykje utflytting tyder på låg attraktivitet ( spesielt ungdom ), og dette må me gjera noko med.

Eit regionsenter skal fungere som ein motor i utviklinga og ein brems mot større sentralisering. Regionen er avhengig av eit konkurransedyktig regionsenter i vekst. Regionsenteret er på same måte avhengig av nabokommunane for si utvikling. **For å**

## **auka tiltrekninga må Sogndal veksa, men ikkje på bekostning av nabokommunane.**

Sogndal si rolle som regionsenter er eit av dei fem satsingsområda til Sogn regionråd som er nedfelt i regionalplanen fram til 2012. Dei fire andre satsingsområda er:

- Felles bu- og arbeidsmarknad
- Helse
- Næringsutvikling - utvikla næringer vi er sterke på
- (og sist) Utdanning, skule og kompetanse

At det vart desse fem er eit resultat av prioriteringar som formannskapa i kommunane gjorde i fjar.

Regionrådet har formulert mål, strategiar og fleire tiltak for kvart av desse satsingsområda. Regionalplanen er eit resultat av gruppearbeid og diskusjonar i rådet i 2008-2009.

Regionsenterkonferansen vi gjennomfører i dag, kom som eit forslag frå desse gruppearbeida.

I regionalplanen har regionrådet formulert følgjande problemforståing:  
Problemet i Sogn er at me ikkje har sentra som er store nok til å vera attraktive for potensielle tilflyttarar. Vi må derfor utvikla og styrka regionsenteret – Korleis gjer vi det?

Vi stiller spørsmålet - Kor sterkt står regionsentertanken? Og vidare - Kva funksjonar meiner vi skal liggja i Sogndal, og ikkje i nabokommunane?

Idag skal vi bli utfordra av samfunnsgeograf Tor Selstad og vi skal få høyra om Stord som er eit regionsenter i nabofylket vårt.

Etter lunsj vert det gruppearbeid, kommentistar og debatt. – vi håpar at de startar diskusjonane allereie i lunsjen...

Meininga er at vi skal sitja att med nokre arbeidsoppdrag som rådet kan ta fatt i vidare.

Vi håpar konferansen engasjerer, og at de kan koma med mange idear når vi samlast i grupper etter lunsj, og delta aktivt også i debatten seinare idag. Slik kan de bidra til å utvikla regionsenteret og regionen.